



STYREMØTE 18. MARS 2013

Stad: Aktivitetssenteret, Sund

Tid: 11:00-14:30

08/13	Referat frå Styremøtet 21. januar 2013	Vedlegg
9/13	<p>IKT prosjekt v/Marit Rinnan og Hildegunn Høyland</p> <p style="text-align: center;">REGIONAL IKT-STRATEGI 2013-2016</p> <p>SAKSOPPLYSNINGAR</p> <p>Regionrådet Vest handsama forprosjektrapport om forpliktande IKT-samarbeid på møte 21.11.2011. Rådet gjekk då inn for at det skulle etablerast eit strategisk IKT-samarbeid i regionen – og at det skulle utarbeidast ein felles regional IKT-strategi for Region Vest.</p> <p>Saka om vidare IKT-samarbeid vart handsama i kommunane våren 2012. Kommunane slutta seg til å gå vidare med IKT-samarbeidet.</p> <p>Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe med mandat å laga framlegg til felles IKT-strategi for regionen. Janicke Runshaug Foss vart engasjert som prosjektleiar for arbeidet. Gruppa hadde sitt første møte i slutten på mai 2012. Gruppa har no laga eit framlegg til strategidokument som vert presentert for regionrådet før det vert send vidare til handsaming i kommunane.</p> <p>VURDERING:</p> <p>Arbeidsgruppa har lagt vekt på å få eit kortfatta strategidokument – som er tydeleg på mål og strategiske satsingsområde for det felles IKT-samarbeidet i regionen. Gruppa har sett det som viktig å få klart fram korleis IKT-satsinga skal styrast – og korleis ansvar for oppfylging skal plasserast. Det er tilrådd oppretta eit felles IKT-råd (fagleg arbeidsgruppe) som får ein viktig rolle i høve til arbeidet med felles IKT-plan og i høve til gjennomføring av aktuelle samarbeidsprosjekt.</p> <p>For å få eit bilete av utgangspunktet for vidare IKT-samarbeid, har gruppa gjennomført ei kartlegging av dei tiltak som det alt er intensjonar om å samarbeida om. Det er naturleg at det som kjem fram i denne kartlegginga vil utgjera hovudelementa i ein felles handlingsplan for dei første åra som kjem. Det er tilrådd at kvar kommune sluttar seg til ein felles IKT-handlingsplan for å få vel avklara rammer (tid og økonomi) for dei prosjekta som vert prioriterte. Likevel er det tenkt at det kan vera rom for fleksibilitet med å ta inn nye tiltak som kjem inn under vedtekne strategiar.</p> <p>Det bør vera eit mål at kommunane sluttar seg til ein felles handlingsplan med fastsette økonomiske rammer for aktuelle prosjekt i samband med rullering av økonomiplanane hausten 2013.</p>	2 vedlegg

	<p>TILRÅDING TIL VEDTAK:</p> <p>Styret i Regionrådet Vest tilrår at kommunane vedtek framlegget til «Strategi for regionalt IKT-samarbeid 2013 - 2016».</p>	
10/13	<p>MOGELEGHEITSSTUDIE</p> <p>Styret i Regionrådet Vest har invitert dei fire kommunane til å vera med på ei mogelegheitsstudie når det gjeld kommunestruktur. Dette inneber ymse modellar for struktur som er alternativ den noverande, samstundes som den noverande også vert vurdert som mogeleg med utstrakt bruk av interkommunalt samarbeid.</p> <p>Vedtaket i styret, gjordt 21. jan. d.å. lydde :</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. “Styret i Regionrådet Vest syner til sitt vedtak 3. desember 2012 og inviterer kommunane til å inngå i ein søknad der eine in søker Staten v/Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland om økonomiske midlar til ei mogelegheitsstudie/utgreiing av ulike modelar for kommunestruktur med fordeler og ulemper. 2. Styret i Regionrådet Vest tilrår at den einskild kommune gjer fylgjande VEDTAK <ol style="list-style-type: none"> 1.kommune sluttar seg til at det vert sett i gong eit prosjekt omkring interkommunalt samarbeid og mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur. 2.kommune seier seg samd i at det vert søkt om løyving frå Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland til finansiering av prosjektet. 3.kommune seier seg samd i at Tinget i Vest drøftar grunnlaget for eit slikt prosjekt og gjev føringar for arbeidet. 4. Styret i Regionrådet Vest er styringsgruppe for prosjektet. 5. Styret i Regionrådet Vest får fullmakt til å ta stilling til prosjetleing.” <p>Dei fleste kommunane har handsama saka i sine politiske organ og det ligg føre fylgjande vedtak: Øygarden kommunestyre handsama saka i møte 13.02.13 med fylgjande vedtak: “Øygarden kommune sluttar seg ikkje til at det vert sett i gong prosjekt omkring interkommunalt samarbeid og mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur.”</p> <p>Fjell kommune handsama saka i Formannskapet den 18. februar og gjorde fylgjande tilråding til kommunestyret:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunestyret i Fjell sluttar seg til at det vert sett i gang eit prosjekt kring interkommunalt samarbeid og mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur. 2. Kommunestyret i Fjell seier seg samd i at det vert søkt om løyving frå Kommunal og Regionaldepartementet og frå Fylkesmannen i HordLnd om finansiering av prosjektet. 3. Kommunestyret i Fjell seier seg samd i at Tinget i Vest drøftar 	

	<p>grunnlaget for eit slikt prosjekt og gjev føringar for arbeidet.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Styret i Regionrådet Vest er styringsgruppe for prosjektet 5. Styret i Regionrådet Vest får fullmakt til å ta stilling til prosjektleiing. <p>Formannskapet i Askøy kommune hadde saka til førehaving i sitt møte den 19. februar og gjorde fylgjande vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Askøy kommune skutter seg til at det blir igangsatt et prosjekt omkring interkommunalt samarbeid og mulighetsstudie av ulike modeller for kommunestruktur. 2. Askøy kommune sier seg enig i at det blir søkt Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland til finansiering av prosjektet. 3. Askøy kommune sier seg enig i at Tinget i Vest gir føringar for arbeidet. 4. Styret i Regionrådet Vest er styringsgruppe for prosjektet 5. Styret i Regionrådet Vest får fullmakt til å ta stilling til prosjektleiing. <p>Sund kommune har ikkje handsama saka på det noverande tidspunkt.</p> <p>RAMMEVERK FOR ARBEIDET.</p> <p>Kommunane vel å vurdera strukturelle tilhøve i samansetjing og samarbeid ut frå objektive kriterier. Det vil vera føremålstenleg å ha ein politisk diskusjon på kva kriterier ein vel å leggja til grunn. Deretter er det viktig å få på plass ein arbeidsmåte som gjev svar på spørsmåla stilte i dei objektive kriteria.</p> <p>Kvalitetskrav til arbeidet borgar for at en vel å satsa på ein utanforståande instans for å skaffa til vegs den naudsynte informasjon – anten forskningsinstitusjon eller konsulentfirma. Det vil vera naturleg at styret i Regionrådet Vest vert styringsgruppa for prosjektet, og at Tinget i Vest drøftar nærare dei objektive kriterier som skal leggjast til grunn og kva modellvariablar som skal utprøvast i høve kriteria.</p> <p>Som døme på kriterier som kan vurderast lagt til grunn nemner ein:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Rationale. Kva storleik gjev optimale resultat m.o.t. tenesteproduksjon? <ol style="list-style-type: none"> a) Kva er optimal/e storleik/ar ut frå organisasjonsmessige tilhøve for tenesteproduksjon. b) Kva innverknad har komunestorleik og kommunegrensar på ressurstilgang for teneseproduksjon? c) Kva innverknad har kommunestorleik på kapitalstraum til kommunen/ane 2. Folkesetnaden sin nytteverdi av kommunen sin storleik. Korleis vert den einskilde innbyggjar sin nytteverdi påverka av kommunestorleik. Kva samanhengar gjer seg gjeldande i eit slikt perspektiv. 3. Demokratiske tilhøve. Kva fylgjer har storleiken av kommunen på kvaliteten av demokratiske avgjerder og avgjerdsprosessar? 	
--	---	--

4. Kva arealmessige føresetnader gjer seg gjeldande for næringsutvikling og butilhøve.

.....

KOMMUNESTORLEIK

Når det gjeld kommunestorleik kan ein taka utgangspunkt i eit sett modellar – modellar som inneber storleikar som ein i Regionen Vest har reell tilrådingsrett på, og eventuelt modellar som og inkluderer naboar til regionen der ein vel å peika på potensiale som kan leggjast fram og drøftast med dei aktuelle.

Ut frå ovannemnde vert Tinget i Vest utfordra på kva modellalternativ som kan tenkjast vert å vurdera i studien.

Som aktuelle døme nemner ein:

- A. Sund, Fjell og Øygarden
- B. Askøy
- C. Sund og Fjell
- D. Sund og Askøy
- E. Fjell og Øygarden
- F. Øygarden og Askøy
- G. Sund, Askøy, Fjell og Øygarden
- H. Askøy, Sund, Fjell, Øygarden
- I. Askøy
- J. Status quo med framtidretta interkommunalt samarbeid.

Når det gjeld å inkludera naboane tilkommunane i Regionrådet Vest i studien kan ein til døme

tenkja seg å vurdera:

Venda seg til Bergen – ein eller fleire samaslåingar med Bergen.

Venda seg sørover mot kommunar der, Austevoll og/ eller andre?

Venda seg nordover – Nordhordland?

I denne tenkjinga kan det vera fleire variantar for samansetjing av eventuelle samtalar.

Studien lyt gjeva best mogeleg svar på føremoner og ulemper i strukturar nemnt ovanfor kopla saman med dei sett kriterier ein vert samd om at ein skal leggja til grunn. Såleis bør ein koma fram til ei verdirangering tufta på objektivitet så langt det let seg gjera.

Alternativet til endra struktur er status quo med framtidretta interkommunalt samarbeid

Styret i Regionrådet vert invitert til å drøfta saka og gjera fylgjande

VEDTAK:

Styret i Regionrådet Vest viser til dei vedtak som er gjort i kommunane og ynskjer å gå vidare med studien. Styret ser det som naturleg at

	<p>Tinget i Vest drøftar aktuell kriterier for mogelege strukturelle endringar som skal leggjast til grunn i ei studie.</p> <p>Vidare vert Tinget i Vest oppmoda om å drøfta kva ulike modellutkast som skal inngå i studien.</p> <p>Øygarden kommune vert invitert til å fylgja arbeidet som observatør.</p>	
11/13	<p>TINGET I VEST – tema for samlinga i april</p> <p>Framlegg til saker:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Status prosjekt Felles ansvar v/ Åsta Årøen • Beredskap – info om pågåande ROS prosjekt i regionen v/ styringsgruppe • Kommunestrukturarbeidet i Nordhordland v/ Astrid Byrknes ordførarar i Lindås kommune. 	
12/13	<p>Jordmor Heim – interkommunalt samarbeid om jordmortenester</p> <p>Tilråding til vedtak:</p> <p>Styret støttar det samarbeidet som dei tre kommunane og Helse Bergen har om Jordmortenester i kommunane og tar saka frå Øygarden til orientering.</p>	
13/13	<p>Næringsprosjektet - sluttdokument</p> <p>Tilråding til vedtak:</p> <p>Styret i Regionrådet vest sluttar seg til Handlingsplan for næring i region vest.</p>	
15/13	<p>Meldingar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Årsrapport Regionrådet Vest • Årsmelding IKKUS 	

Sak 08/13

REFERAT FRÅ STYREMØTE 21. JANUAR 2013

Stad: Rådhuset i Askøy, formannskapssalen

Desse møtte: Ordførarar og styreleiar Ove Bernt Trellevik, Ordførar Eli Berland, varaordførar Roald Steinseide, ordførar Otto Harkestad, rådmann Odd Magne Utkilen, rådmann Siri Fahlvik Pettersen, Rådmann Stig Arne Thune, rådmann Steinar Nesse, Sekretariat: Per Hillestad, Anne Grete Hareide (ref.) og Vigleik Brekke

Dessutan møtte: Torgeir Sæter

01/13 Referat frå møtet 03.12.12

Vedtak:

Vedtaket i sak 36/12 vart endra til: Kommunane i regionen vert invitert til å ta del ei mogelegheitsstudie/utgreiing av ulike modellar for kommunestruktur med fordelar og ulemper samt søknad om finansiering av slik utgreiing.

Referatet elles er godkjent

02/13 Interkommunalt samarbeid og kommunestruktur

Vedtak:

1. Styret i Regionrådet Vest syner til sitt vedtak 3. des. 2012 og inviterer kommunane til å inngå i ein søknad der ein søker Staten v/Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland om økonomiske midlar til ei mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur med fordeler og ulemper.
2. Styret i Regionrådet Vest tilrår at den einskilde kommune gjer fylgjande

VEDTAK

1. kommune sluttar seg til at det vert sett i gong eit prosjekt omkring interkommunalt samarbeid og mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur.
2. kommune seier seg samd med at det vert søkt om løyving frå Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland til finansiering av prosjektet.
3. Kommune seier seg samd med at Tinget i Vest drøftar grunnlaget for eit slikt prosjekt og gjev føringar for arbeidet.
4. Styret i Regionrådet Vest er styringsgruppe for prosjektet.
5. Styret i Regionrådet Vest får fullmakt til å ta stode til prsjektleiing.

03/13 Kartlegging av strandsone og kommunedelplan næringsareal

Det vart informert om at Gerhard Inge Storebø vil vere prosjektleiari for arbeidet med planen i det vidare arbeidet. Ein vil søke å samkøyre prosessen med kommunane i Bjørnefjorden.

Vedtak:

Sak om strandsone og kommunedelplan næringsareal vert lagt fram for kommunestyra med den innstillinga som ligg i saka.

Eit punkt 4 blir lagt til innstillinga: Saka blir å sjå som ei oppstartsmelding til arbeidet med kommunedelplan.

Saka vert sendt den einskilde kommune for vidare handsaming

04/13 Søknad om skjønsmidlar

Vedtak:

Styret godkjenner at det vert søkt skjønsmidlar til fylgjande prosjekt:

Betre saman for barna kr. 600000

Plan og byggesak

Delprosjekt: Strandsonekartlegging	kr. 300000
Næringsareal	kr. 300000
Fellesportal plan og byggesak	kr. 250000
Felles landbrukskontor	kr. 200000

05/13 Sak om bygningsvernkonsulent

Vedtak:

Styret går inn for stillinga som bygningsvernkonsulent med den skisserte finansieringsplanen i ein 3 års periode. Det vert søkt Fylkesmannen årvisst om finansiering.

Stillinga vert evaluert etter 3 år

Saka vert handsama i den einskilde kommune.

06/13 Meldingar

- Referat frå IKKUS møte
- Årsmelding Plan- og byggesak
- Årsmelding Betre saman for barna

- Torgeir Sæter er tilsett som fagsjef i Askøy kommune. Han held fram som prosjektleiar for Betre saman for barna, medan Gerhard Inge Storebø tek over som prosjektleiar for Plan og byggesak i opptil 50% stilling.

Vedtak:

Styret tek meldingane til orientering

07/13 Eventuelt

Fjell kommune orienterte om oppseiing av sløkkjeavtale motteke frå Bergen kommune vedkommande Sotra Brannvern.

Askøy kommune kan gjeva tilbod om sløkkjeavtale.



FRAMLEGG

Strategi for regionalt IKT-samarbeid
2013-2016



1. Innleiing

Regionrådet Vest har peika ut IKT som eit samarbeidsområde i regionen. Felles og koordinert IKT-utvikling er ein nøkkelfaktor for å få til samarbeid om tenester og administrative støttefunksjonar.

På bakgrunn av vedtak i sak til styret i Region Vest 21.11.11 og saka "Forpliktende IKT-samarbeid i Region Vest – oppfølging av forprosjektrapport" som er handsama i dei fire kommunane våren 2012, blei det oppretta eit prosjekt for å få laga IKT-strategi for Region Vest.

Prosjektet har tolka sitt oppdrag slik at strategiarbeidet er retta mot det som vert oppfatta som realistiske rammer for IKT-samarbeid i den aktuelle perioden. Det er peika på fire strategiske satsingsområde for eit slikt IKT-samarbeid.

Det er ikkje utarbeidd ein overordna strategi for tenestesamarbeid mellom dei 4 kommunane i regionen. Dette strategidokumentet er difor bygd på prosjektet si vurdering av kva som vil vera tenleg IKT-samarbeid ut frå det tenestesamarbeidet som alt er etablert – og den forventa utviklinga av dette samarbeidet.

For å underbyggja dei målsettingar og strategiar som er formulerte, har prosjektet kartlagt dei IKT-satsingane som i dag er aktuelle å samarbeida om – for alle eller for nokre av kommunane i Region Vest.

Prosjektgruppa har orientert rådmannsgruppa om sitt arbeid undervegs i prosessen.

Deltakarar i prosjektgruppa

I prosjektgruppa har desse vore med:

Marit Rinnan – Kommunalsjef Askøy kommune
Åge Rosnes – Fagsjef Skole, Askøy kommune
Kjell Fyllingen – IKT-sjef Fjell kommune
Anne Marie Halleraker – Fagleiar Fjell kommune
Gerhard Inge Storebø – Leiar stab/fellestenester Sund kommune
Ingunn Teigen – Serviceleiar Øygarden kommune
Torgeir Sæter – Prosjektleiar Region Vest

Frå fagorganisasjonane:
Annlaug Sangolt – Delta HTV Fjell kommune
Thor Wilthil – Fagforbundet HTV Øygarden kommune
Hildegunn Høyland – Fagforbundet HTV Sund kommune
Hans O. Benonisen – IT-forbundet Askøy kommune

Janicke Runshaug Foss – har vore innleigd prosjektleiar frå Bergen kommune.

Om dokumentet

Dokumentet prosjektet legg fram er tredelt:


- Strategidel – viser felles mål og strategiar for regionen og kommunane
- Styringsdel – viser styringsmodell og retningslinjer for oppfølging og koordinering mellom kommunane
- Plandelen omfattar en 3-årig handlingsplan med tiltak som er under planlegging av meir enn ein kommune. Det er lagt til grunn at kommunane vedtek felles 3-årig handlingsplan som kan verta rullert kvart år.

Rammevilkår

Det ligg tydelege føringar frå sentrale styresmakter om at IKT skal vere eit sentralt hjelpemiddel for å oppnå viktige mål for vidare utvikling av kommunane i Noreg. Samstundes er det ei klar erkjenning (understreka av KS) at omfattande samarbeid på tvers av kommunegrensene må til for fullt ut å oppnå dei gevinstane IKT-utviklinga kan gje.

Grunnlaget for strategiarbeidet i Region Vest er den nasjonale e-Kommunesatsinga og arbeidet for å etablere felles standardar.

Utviklinga vil føra til at kommunane må bevege seg:



Kommunane i Region Vest har sjølvstendig ansvar for finansiering, utvikling og implementering av eigen eKommunestrategi og organisering av IKT- området.

2. Mål og strategi

Overordna mål:

IKT-løysingane i Region Vest skal støtta opp under og løfta samfunns- og tenesteutviklinga i regionen.

Fylgjande strategiske satsingsområde er prioriterte:

Satsingsområde	Mål	Strategi
Tenestesamarbeid	IKT skal gje god støtte i regionalt tenestesamarbeid og tenesteutvikling.	Felles eller koordinerte IKT-løysningar skal kartleggjast og vurderast på et tidlig tidspunkt. Tiltak skal gjennomførast slik at dei ikkje heftar framdrift og gjennomføring.
Stordrift og synergi	Kommunane skal ta ut stordriftsfordeler ved innkjøp og innføring av IKT-løysningar.	Alle større systeminnkjøp og tekniske innkjøp skal presenterast for det regionale IKT-rådet i prosjektkandidatfasen. Det skal gjennomførast ei vurdering av gevinstar og ulemper ved å gjennomføra innkjøp i fellesskap.
Digitalisering	Kommunane skal vera pådrivarar for å gje fleire og betre digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv.	Intensjonane i "Det digitale førstevalget" skal oppfyllest.
Ny teknologi	Kommunane skal så langt råd er ta i bruk ny teknologi for tenesteutvikling og effektivisering.	Ta i bruk ny teknologi i omsorgstenestene.

Til grunn for satsinga ligg mottoet/ambisjonen: **Det skal ikkje stå på IKT!**

Premissar

- God forankring av mål og strategiar politisk og administrativt. Vilje til å prioritera økonomisk innsats på IKT-området
- likskap i form av bruk av etablerte og opne standardar og/eller lik programvare / tekniske løysningar som er aktuelle for effektiv og god samhandling
- driftssamarbeid på avgrensa område
- innkjøpssamarbeid på programvare og utstyr
- gevinstrealisering ved innføring av nye ikt-løysningar

- bruk av ny teknologi for tenesteutvikling og effektivisering

3. Styring

Organisering – styring, mynde, ansvar

Skal kommunane lukkast med å utvikla IKT-samarbeidet, er det viktig å ha ein klar ansvars- og styringsmodell som alle kommunane støttar opp om.

Kommunestyra – godkjenner rammene for samarbeidet gjennom å vedta:

- strategi for eit regionalt IKT-samarbeid
- overordna handlingsplan med ressursrammer
- og tek ansvar for:
- å løyva ressursar i samsvar med vedtekne handlingsplanar
- å evaluera resultatata av IKT-samarbeidet etter oppsett tidsplan

Regionrådet – ser til at grunnlaget for vedtaka kommunane skal fatta er tilfredsstillande – og at vedtaka vert fylgde opp på ein god måte. Gje støtte til rådmannsgruppa i gruppa sitt arbeid for å løfta felles IKT-satsing i regionen.

Rådmannsgruppa – arbeider for at rammene for samarbeidet vert vidast mogeleg – og at måla for samarbeidet vert fylgde opp på ein føreseieleg og langsiktig måte – og tek ansvar for:

- å vera pådrivarar for å oppnå resultat på dei strategisk utpeika satsingsområda
- at grunnlaget for politiske avgjerder vert lagt fram i tide
- å utnemna ei fagleg arbeidsgruppe (IKT-rådet) – som får delegert mynde til å gjennomføra samarbeidstiltak innanfor vedtekne rammer – og støtta arbeidsgruppa sin innsats
- at vedtekne tiltak vert gjennomført – og at god informasjon frå arbeidsgruppa vert sikra
- å rapportera jamleg til Regionrådet Vest og til kommunestyra om samarbeidet
- å sikra eit godt felles grunnlag for evaluering av samarbeidet

IKT-rådet – arbeider for å skapa eit godt klima for IKT-samarbeid mellom fagfolk på tvers av kommunegrensene – og å formidla informasjon om gruppa sitt arbeid og tilknytte planprosessar til kommuneorganisasjonane.

IKT-rådet – tek ansvar for:

- at fellestiltak som ligg innanfor vedtekne handlingsplanar og budsjett vert gjennomført. For tiltak av eit visst omfang skal gjennomføringa prosjektorganisert – etter felles reglar for

prosjektstyring (prosjektkandidat). Grappa skal ha ansvar for at prosjekt vert gjennomført på ein god og ryddig måte – og at det vert rapportert jamleg frå prosjektleiar.

- Å kvalitetssikra grunnlaget for aktuelle samarbeidstiltak. "Prosjektkandidat for systemanskaffelse" er verktøyet som skal brukast før IKT-rådet gjev klarsignal for oppstart av tiltaket.
- å ta initiativ til vidare utvikling av samarbeidet, ved å koma med innspel til nye målsettingar, rullering av handlingsplanar og rammer for nye tiltak. Grappa skal byggja sine initiativ på breiast mogelege drøftingar om IKT-utvikling på ulike fagområde på tvers av kommunegrensene.
- å rapportera jamleg til rådmannsgrappa
- å få fram grunnlag for evaluering av samarbeidet til rådmannsgrappa

IKT – rådet – skal ha 2 representantar frå kvar av dei fire kommunane i samarbeidet.

Rådmannsgrappa utnemner leiar for grappa. Grappa skal ha god IKT- kompetanse – og medlemmene må vera opptekne av å utvikla IKT-støtte i kommunal tenesteproduksjon – særleg innanfor dei satsingsområda som no er utpeika.

IKT-rådet må ha sekretærhjelp i arbeidet sitt. Grappa kan henta inn supplerande kompetanse som støtte i arbeidet sitt. Grappa kan oppretta undergrupper til støtte i arbeidet sitt – utan at det endrar ansvaret til IKT-rådet.

Prosjektkandidat for systemanskaffelse

Vurderingsgrunnlag for beslutning om oppstart av anskaffelsesprosjekt. Hvis prosjektkandidaten godkjennes, skal det i neste omgang utarbeides en prosjektplan.

Prosjekt id:	(Saksnummer)	Navn:	
Avdeling		Enhet:	
Ansvar		Ressursnr:	
Kontaktperson		Prosjektleder:	
Prosjekteier		Prosjektnr	
Est. startdato		Est. sluttdato	
Utfylt dato		Utfylt av:	
Endret:		Status:	Aktivt (begrunnes i eget felt)
Prosjektkategori	IKT prosjekt	Finansieringsform:	
Prosjekttype			
Oversendt IKT rådet til vurdering dato			
Oversendt Hovedvernombud (HVO) og Hovedtillitsvalgte (HTV) til informasjon og uttalelse		Dato:	
Beslutningstakers vurdering av prosjektkandidat			
Dato, navn			

1 Forankring for prosjektet/tiltaket

Nasjonal forankring
Regional forankring
Lokal forankring
Forankring i eStrategi/eHandlingsplan

2 Beskrivelse av prosjektet/tiltaket

2.1 Formål

Formål med prosjektet
Hva skal prosjektet oppnå

2.2 Beskrivelse av hovedleveranser

Hvilke hovedleveranser skal leveres og når
Hvilke delmål skal produseres og når

2.3 Kartlegging av nå situasjon

Kartlegging av dagens arbeidsprosesser

Kartlegging av systemoppsett

Forventet effekt av prosjektet

2.4 Referanseprosjekter

2.5 Prosjektets avhengigheter

Beskriv hvilke andre prosjektet dette prosjektet er avhengig av

Beskriv prosjekter som er avhengig av dette prosjektet

Beskriv hvilke datakilder/integrasjoner som behøves, for eksempel sak/arkivsystem

2.6 Ressursbehov

Kompetansebehov prosjektfase

Kompetansebehov drift

	Estimat	
	Investering	Drift
1. Kostnader		
1.1 Prosjekt- og planleggingskostnader		
Utstyr/materiell i prosjektarbeid		
Reiser og møte		
Eksterne konsulenter		
Vikarkostnader		
Frikjøp av ressurser		
1.2 Innkjøpskostnader til nytt system		
1.3 Integrasjons/utviklingskostnader		
Kostnader til installasjon og tilpasning		
1.4 Andre investeringskostnader		
1.5 Opplæringskostnader		
2.1 Drifts- og vedlikeholdskostnader		
Vedlikehold og support lisenser		
Vedlikehold og support maskinvare		
Systemadministrasjon		
Årlige opplæringskostnader		
2.2 Andre driftskostnader		
3.0 Estimerte driftsinntekter		

3 KSF – (Kritiske Suksess Faktorer)

3.1 Organisering av prosjektet

Beskriv hvordan prosjektet er tenkt organisert.

3.2 Ressursbehov

Beskriv hvilke personressurser som trengs, også tekniske.

3.2 Redesign av prosesser

Beskriv hvilke arbeidsprosesser som må gjennomgås og endres

3.4 Medvirkning og brukerinvolvering

Beskriv hvordan brukere av systemet, andre fagavdelinger/funksjoner, tillitsvalgte og vernetjeneste skal informeres og involveres.

3.5 Interkommunalt samarbeid – Region Vest

Beskriv hvordan prosjektet er avklart/inngår i Region Vest-samarbeidet.

3.6 IT-infrastruktur, integrasjoner og sikkerhet

Beskriv teknologisk infrastruktur, herunder valg av driftsløsning, servere, nettverk osv
NB! Kontakt IT-avdelingene.

3.7 Anskaffelsesprosess

Beskriv anskaffelsesprosess i henhold til kommunens rutiner for anskaffelser (direktekjøp, tilbudskonkurranse etc)

3.8 Opplæring

Beskriv behov for opplæring

3.9 Informasjon

Beskriv plan for informasjon

3.10 Informasjonssikkerhet og håndtering av personopplysninger

3.11 Arbeidsmiljømessige konsekvenser

Beskriv arbeidsmiljømessige konsekvenser og risikovurdering knyttet til HMS

4 Usikkerhet

<Her beskrives det hvordan prosjektet skal jobbe med usikkerhet. Beskriv muligheter, viktige utfordringer og risiki som kan forsinke eller forhindre gjennomføring. Beskriv også ulike tiltak for å redusere risiko.>

Sannsynlighet kode S:

Aktuell bedømmelse av sannsynligheten for at hendelsen inntreffer dersom planlagte tiltak ikke gjennomføres
5 Svært stor sannsynlighet (80 % - 100%)
4 Stor sannsynlighet (60 – 80%)
3 Middels høy sannsynlighet (40 - 60%)
2 Lav sannsynlighet (20 – 40%)
1 Usannsynlig (mindre enn 10% - 20%)
0 Risikoen er bortfalt eller eliminert

Konsekvenser kode K:

Bedømmelse av konsekvensene om hendelsen inntreffer:
5 Svært alvorlig: Hele (del)prosjektet er i fare
4 Alvorlig: Hele (del)prosjektets planer må gjøres om
3 Moderat: Hele (del)prosjektets planer påvirkes, men totalrammen for prosjektet kan holdes
2 Lav: Planer for (del)prosjektet påvirkes, men totalrammen holdes
1 Ubetydelig: Begrenset virkning, kan innhentes

Nr	Risiko/hendelse	S	K	Konsekvenser	Gardering/Tiltak

5 Gevinster

5.1 Effektivisering

Beskriv, så konkret som mulig, hvilke effektiviseringsgevinster anskaffelsen vil gi.

5.2 *Gevinstrealisering*

Beskriv hvordan anslåtte gevinster skal realiseres.

5.3 *Andre nytteeffekter*

Beskriv gevinster i form av kvalitetsforbedring, tjenesteutvikling og annet, og hvordan disse kan kartlegges og måles gjennom prosjektperioden og etter.

Type forventet gevinst	Beskrivelse
Økt brukertilfredshet	
Bedre utnyttelse av kompetanse og ressurser	
En helt ny tjeneste som dekker et antatt behov hos en målgruppe	
Mer integrasjon med andre aktører langs verdikjeden	
Mer robust/sikker teknisk infrastruktur	
Økt evne til omstilling	
Økt motivasjon / bedre arbeidsmiljø for de som yter tjenesten	
Bedre styring	
Mer utviklende arbeidsplasser og større evne til å holde på/ rekruttere kompetanse	
Digitalt omdømme	
Sikkerhetsmessig	
Politisk virkemiddel	
<annet>	

6 Økonomi - kostnader

6.1 Finansiering

	Kostnader som spesifikt belastes regnskap	Andre interne ressurser (av allerede budsjetterte årsverk)
Investeringsmidler		
Driftskostnader		
Totalt for prosjektet/tiltaket		

6.2 Andre kilder for finansiering, søknader om skjønnsmidler, statlige midler o.l

Beskriv muligheter for prosjektstøtte, medfinansiering av samarbeidspartnere o.l

ØYGARDEN KOMMUNE
SAKSPAPIR

SAKSGANG			
<i>R.f.</i>	<i>Styre, råd, utval m.v.</i>	<i>Møtedato</i>	<i>Saksnr</i>
KLEV	Komit� for Levek�r	04.02.2013	
KS	Kommunestyret	13.02.2013	

Arkiv: K1-224

Arkivsaknr: 12/651-6

INTERKOMMUNALT SAMARBEID - PROSJEKT JORDMOR HEIM I VEST

Sakshandsamar:  se Vik

KORT OM SAKA:

Kommunestyret i  ygarden har i samband med budsjett 2012 og 2013 vedtatt at kommunen skal utvikla prosjektet «JordmorHeim» i samarbeid med nabokommunane og Helse Bergen.

Sidan januar 2011 har Fjell kommune hatt eit samarbeid med Helse Bergen om lokal barseloppf lging gjennom prosjektet JordmorHeim. Evalueringa av prosjektet er positiv, og jordmortenesta i  ygarden og Sund har  nskje om   inng  i dette samarbeidet for   kunne gi betre tilbod til barselkvinner og nyf dde. P  bakgrunn av dette starta kommunane eit forprosjekt i august 2012, finansiert av statlege samhandlingsmidlar, og prosjektrapporten "Jordmor heim i Vest" er no klar. Prosjektet har som hovudm l   oppretta eit interkommunalt Jordmor heim-tiltak i kommunane Sund,  ygarden og Fjell i samhandling med Helse Bergen. Prosjektet, som g r over tre  r, g r ut p    tilby heimebes k av lokal jordmor. I tillegg vil etablering av interkommunal barselpoliklinikk sikra tilbodet til mor og barn i  ygarden og Sund, n r lokal jordmor ikkje er tilgjengeleg. Jordmor i kommunen vil f  eit st rre fagleg milj  og inng  i interkommunalt samarbeid om barseltilbodet.

Politisk m  ein ta standpunkt til om det er aktuelt   realisera prosjektet.

INNSTILLING TIL TILR DING:

1. Kommunestyret godkjenner etablering av prosjektet "Jordmor heim i Vest" i tr d med innhaldet i rapporten.
2. Kommunestyret legg til grunn at utgiftene knytt til prosjektet i 2013, b de kommunalt og interkommunalt, vert dekkja av statlege tilskot og/eller innafor gjeldande budsjettramme.
3. Kommunestyret kjem attende til finansiering av dei p f lgjande  ra i samband med den  rlege budsjetthandsaminga.

RONG, dato
for rådmannen (e.f.)

Rådmann/Einingsleiar:

Sakshandsamar: Åse Vik

Skriv/fråsegner:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.02.2012	Helsedirektoratet	UTLYSNING AV TILSKOT TIL SAMHANDLINGSTILTAK OG LOKALMEDISINSKE SENTRA M.M.
2	U	16.03.2012	Helsedirektoratet	VEDLEGG TIL SØKNAD OM INTERKOMMUNALT SAMHANDLINGSTILTAK -
3	U	22.03.2012	Helsedirektoratet	FORPROSJEKT JORDMOR HEIM SØKNAD OM TILSKOT TIL SAMHANDLINGSTILTAK OG LOKALMEDISINSKE SENTRA -
5	I	20.08.2012	Fjell kommune rådmannen	KOMMUNESAMARBEID - LEGEVAKTSAMARBEID M.M. UNDERTEIKNA SAMARBEIDSAVTALE OM FORPROSJEKT JORDMOR-HEIM

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALAR M.M.:

1. Helsedirektoratet (2012). Høringsutkast. Retningslinje for barselomsorgen. IS-xxxx. September 2012.
2. Helsedirektoratet (2010) Utviklingsstrategi for jordmortjenesten. Tjenestekvalitet og kapasitet. Oppfølging og konkretisering av Stortingsmelding 12. IS-1815.
3. Helsetilsynet (2011). Korleis tek fødeinstitusjonen og kommunen vare på behova til barselkvinna og det nyfødde barnet i barseltida? Rapport frå tilsyn med barselomsorga. ISSN: 1503-4798.
4. Stortingsmelding nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen. Helse- og omsorgsdepartementet.
5. Stortingsmelding nr. 12 (2008-2009) En gledelig begivenhet. Helse- og omsorgsdepartementet.
6. Tenesteavtale 8. (2012) Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga. Avtale mellom kommunane i opptaksområdet og Helse Bergen HF. 01.07.12.
7. Sak i Komite for Levekår 20.08.2012 – sak 67/12: Interkommunalt samarbeid om jordmortenesta - forprosjekt.
8. Øygarden kommune sitt budsjettvedtak 2012 og 2013

Dokument vedlagt saka: Prosjektrapport "Jordmor heim i Vest - ei barselomsorg til friske kvinner og born med fokus på heile familien"

SAKSOPPLYSNINGAR:

Etter initiativ frå kommunane Øygarden og Sund, vart det halde eit møte med Fjell kommune i mars 2012. Representantar frå Sund og Øygarden gav då uttrykk for at ein ønskte å vurdere eit samarbeid

for å få til tiltak som likna det eksisterande JordmorHeim i Fjell for å sikra ei meir robust teneste og kunne imøtekoma forventningane knytt til samhandlingsreforma og avtale med Helse Bergen. Frå Fjell si side vart det presisert at JordmorHeim er nyleg evaluert av AgendaKaupang med godt resultat og at kommunen i tråd med dette er budd til å vidareføra prosjektet i eigen kommune. Fjell er likevel positiv til interkommunalt samarbeid om Jordmorheim med Sund og Øygarden, der ein saman vurderer andre løysingar så lenge det ikkje fører til meirutgifter for Fjell. Nabokommunane må dessutan dekkja utgiftene til utgreiingsarbeidet. Desse premissane for utgreiingsarbeidet vart akseptert og arbeidet kunne starta opp etter politisk godkjenning.

Det vart søkt om statlege samhandlingsmidlar til utgreiingsarbeidet og kr 200 000 vart løyvt. Ein prosjektleiar vart tilsett i 80 % stilling i 5 mnd for utgreiing av forprosjekt. Sund og Øygarden jobbar saman med prosjektleiar i ei styringsgruppe frå kommunane frå august 2012 til november 2012. Då vart Fjell kommune formelt invitert med i styringsgruppa. I tillegg er det ei arbeidsgruppe som består av jordmødre frå alle tre kommunane. Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa via prosjektleiar.

Rapporten som ligg til grunn er ein fagleg rapport. Rapporten er likevel lettlest og vil for dei fleste gje godt grunnlag for saka. Her er eit samandrag av dei faglege konklusjonane:

Jordmor heim i Vest er eit interkommunalt samhandlingsprosjekt mellom kommunane Sund, Øygarden, Fjell og Helse Bergen, Kvinneklubben. Prosjektet tek sikte på å samarbeide om å gje nyfødde og barselkvinner oppfølging av kommunal jordmor innan to dagar etter heimkomst - jmf tenesteavtale 8. Ordninga vil kunne omfatte ca 94 % av alle barselkvinnene. Born eller kvinner som av ulike grunnar er innlagd på sjukehus lenger enn ei veke etter fødsel er ekskludert. Oppfølgingstida vil primært vere den fyrste veka etter fødsel. Den nye familien vil sleppa å reise tilbake til sjukehuset for barselpoliklinikk og prøvetaking, då jordmor i kommunen tar over oppgåvene. Familien vil få vere saman og jordmor vil m.a tilby rettleiing med tanke på stell av barnet, amming, psykiske reaksjonar i barseltid og tilknytingsprosessen.

Det siste tiåret har kvinner og born vorten utskriven frå barselavdelinga tidlegare og liggetida er i dag 48 timar, med moglegheit til å reise heim frå 6 timar etter fødsel. I Helsetilsynet sin gjennomgang av barselomsorga i 2011 peikar dei m.a. på at gapet mellom utskriving frå sjukehuset til kommunehelsetenesta tek kontakt, er for stort og for lite kvalitetssikra. Erfaringar frå prosjektet i Fjell er at dette gapet vert tetta med oppfølging av kommunale jordmødre etter fødsel. Også intern samhandling er styrkt då prosjektet kan legge til rette for at pasientjournalar overførast til helsesøster elektronisk og i tråd med pasientsikkerhet. Alle involverte kommunar brukar same system for elektronisk pasientjournalar, og vil kunne nytta seg av systemet Fjell har brukt i handtering av overføring såframt det vert lagt til rette for det.

For å sikre tilgjenge for små kommunar må det opprettast eit system som kan ta over kvinner og nyfødde dersom lokal jordmor ikkje er tilgjengeleg. Ein interkommunal barselpoliklinikk vil kunne tilby barselkvinner og nyfødde jordmoroppfølging året rundt også i feriar og ved uforutsett sjukdom. Barselpoliklinikken vil ha same innhald som eit heimebesøk, men med skilnaden at familien må ut av huset istadenfor heimebesøk. Dette er ein måte å sikra tilgjenge samt effektivisera tilbodet utfrå etterspørsel. Barselpoliklinikk bør lokaliserast "på midten", og styringsgruppa har gått inn for lokalisering på Straume, der Fjell er vertskommunemodell for barselpoliklinikken.

Realisering av prosjektet krev ulikt av kommunane, basert på innbyggjartal og trong for ressursar. Øygarden har pr i dag 50 % jordmorstilling som vert nytta til oppfølging av gravide. Ein tenkjer seg difor at det er behov for å utvida med 20 % stilling for å dekkja ordninga med heimebesøk til barselkvinner og nyfødde i prosjektet. I tillegg vil eit interkommunalt samarbeid krevje ein koordinator av barselpoliklinikken og det faglege innhaldet. Ein barselpoliklinikk og ein jordmorkoordinator vil utgjere 50 % stilling som ein tenkjer vert fordelt likt på tre kommunar. Fordelingsnøkkelen er basert på at poliklinikken primært vert oppretta for å dekkja Øygarden og Sund sine behov for å styrka tenesta. Det vil difor vera urimeleg i dette høvet å bruka folketal som fordelingsnøkkel. Dei totale driftskostnadane pr år vil for kvar kommune arte seg slik:

Totale driftsutgifter pr kommune	Sund 110 fødsjar	Øygarden 60 fødsjar	Fjell 300 fødsjar
Heimebesøk - kommunal	195 000	130 000	520 000
Barselpoliklinikk og koordinator	124 000	124 000	124 000
Køyring	10 000	10 000	50 000
Adm	10 000	10 000	10 000
Sum driftsutgifter / år	339 000	274 000	704 000

I tillegg vil vere eingongsinvesteringar av utstyr på tilsaman 275 000 kr fordelt på tre kommunar. Det er godt håp om å få dekkja dette av eksterne midlar som t.d. skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

Kommunane ved styringsgruppa vil også søkje midlar andre stader. Det er gitt tilskot til liknande prosjekt m.a i Fjell, og prosjektet kvalifiserar til samhandlingsmidlar. Styrken til prosjektet er at det er interkommunalt, slik det er referert til i fleire nasjonale meldingar som St.meld 12 og 47, og høringsutkastet til nye nasjonale faglege retningslinjer for barselomsorga. Helse Bergen har gjeve ei mindre, men viktig økonomisk støtte til JordmorHeim i Fjell. Det vil vera naturleg å vidareføra denne støtta i 2 – 3 år lagt til det nye interkommunale prosjektet. Det ligg symbolsk kraft i tilskot frå det lokale helseføretaket. Prosjektet si lengd er estimert til 3 år frå oppstart.

VURDERING:

Dette er eit prosjekt som i omfang og utgifter må karakteriserast som avgrensa i storleik. Likevel kan det vera til stor nytte for alle involverte. Prosjektet høver også vel inn i kommunen si satsing i skjeringspunktet mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta, ut frå at prosjektet tek ansvar der det i dag er ei gråson mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale jordmortenesta – i tida like etter fødsel. Vi trur at det lokale ansvaret vert tydelegare i framtida innan dette fagfeltet og at dette prosjektet viser veg ved å plassera prosjektansvaret og arbeidsgjevaransvaret til kommunenivået. Stortingsmelding 12 ”*En gledelig begivenhet*” tek til orde for utprøving av samhandlingsmodellar mellom jordmødre på dei to nivåa slik dette prosjektet gjer.

Samfunnsnyttan av prosjektet vil vera vesentleg. Kvinna, far og familien elles vil oppleve tryggleik og kontinuitet i svangerskap og barsel. Barseltilbod til alle kvinner og born er eit førebyggjande tiltak med

tanke på amming, tilknytning og barseldepresjon, samt at familiefokuset vert ivaretatt då dette inkluderer far. I tillegg til å verka førebyggjande er det også ein unik moglegheit til tidleg intervensjon og hjelp til familiar som slit med rusproblem og psykiske lidingar, noko som er i tråd med nasjonale føringar. Helse Bergen vil få mindre arbeid med barselkvinnene frå Øygarden, Sund og Fjell samstundes som kvinna og familien får støtte og kyndig hjelp. Prosjektet gjer det meir forsvarleg med kortare liggetid på Kvinneklinikken. Økonomisk legg rådmannen for sin del til grunn at prosjektet vert finansiert som eit spleiselag mellom fleire aktørar i heile prosjektperioden. For Øygarden sin del vil dei totale utgiftene utgjere kr 274 000 pr år, med moglegheit til reduksjon dersom Fylkesmannen og/eller departementet gjev positivt svar på søknadane om prosjektmidlar.

Sak 15/13

Regionrådet Vest 2012

Regionrådet Vest, som vart etablert i januar 2010, skal vera eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Rådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane og vidareutvikling av regionen. Sekretariatsfunksjonen er lagt til den kommunen som har styreleiar. For tida er Sund-ordførar Ove Trellevik leiar i styret. Fjell-ordførar Eli Årdal Berland er nestleiar. Regionrådet har også nytta sekretærhjelp frå Askøy kommune ved Per Hillestad i tillegg til Anne Grete Hareide, Sund kommune. To gonger i året vert formannskapa i dei fire kommunane kalla inn til Tinget i Vest for å drøfta ulike utviklingstema for regionen. På heimesida www.regionradetvest.no vert det lagt ut informasjon om kva regionrådet arbeider med.

Rådmennene i dei fire kommunane, som også har tale- og møterett i styremøta, har eigne rådmannsmøte for å førebu saker til styret.



Styret i Regionrådet Vest med dei fire ordførarane i region vest. Frå venstre Otto Harketad (Øygarden), Siv Høgtun (Askøy), Eli Årdal Berland (Fjell) og Ove Bernt Trellevik (Sund)

Dei fire samarbeidskommunane i region vest arbeider med om lag 20 prosjekt der regionrådet har ei koordinerande rolle. I tillegg kjem ei rekkje ulike prosjekt på ulike nivå mellom to eller

fleire av kommunane i regionen. Fleire prosjekt er knytt opp mot Helse Bergen i samband med samhandlingsreforma.

Betre saman for barna

I 2012 har regionrådet arbeidd vidare med prosjektet "Betre saman for barna" og lagt fram forslag til oppretting av utvida samarbeid om felles barnevernsvakt og felleskontor for oppfølging av fosterheimplasserte barn i region vest. Kontoret er føreslått lokalisert på Askøy. Sakene vert behandla i dei fire kommunane i 2013. Arbeidet med dette prosjektet har i 2012 vore leia av prosjektleiar Torgeir Sæter.

Helse- og omsorgsprosjekt

I september vart Lindrande eining på Askøy offisielt opna. Dette er ei avdeling ved Kleppestø sykehjem som vert drive i fellesskap mellom kommunane i Regionrådet Vest, Kreftforeningen, Helse Bergen og Kompetansesenteret i lindrende behandling i Helseregion Vest. I første omgang har eininga fire sengeplassar, men kan utvidast om behovet aukar. I 2012 vart det utarbeidd status for planane om lokalmedisinsk senter på Straume. Senteret kan stå klar til bruk i 2017.

Interkommunalt plansamarbeid

Styret går inn for at det vert utarbeidd ein kommunedelplan for strandsone som eit interkommunalt samarbeid mellom dei fire kommunane. Det er også føreslått å utarbeid kommunedelplan for utvikling av næringsareal for kommunane i regionen. Desse to planane er delprosjekt i hovudprosjektet "Plan og byggjesak".

Andre prosjekt i regi av Regionrådet Vest

Via Gode Sirklar er det utarbeidd ein rapport om oppfølging av strategisk næringsplan utarbeidd av Business Region Bergen (BRB). Ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe følgjer opp dette arbeidet.

Styret i regionrådet har arbeidd med eit forpliktande IKT-samarbeid for dei fire samarbeidskommunane. Andre prosjekt knytt til IKT er FeitIKUS (Felles elev IT), BibliKUS (biblioteksystem) og PasientIKUS (Interkommunalt UtviklingsSamarbeid) og eKommune.

Regionrådet vest har hatt ei koordinerande rolle i mange andre prosjekt og tiltak. Døme på dette er plan, byggjesak og oppmåling med ulike delprosjekt , Interkommunalt kultursamarbeid (IKKUS), ny finansieringsordning for barnehagar, tilsyn for barnehagar, Samordningsmodell for Lokale, førebyggjande Tiltak mot rus og kriminalitet (SLT), rusomsorgsprosjekt på Askøy, Felles Ansvar, regional utvikling/tenesteproduksjon, komparative fortrinn og internkontroll. Andre aktuelle samarbeidsområde og tema er felles forlikråd, felles kemnerkontor, samarbeidsutvalet for bergensregionen (helse), Trigger AS, felles bygningsvernkonsulent, krisesentertilbod, felles ROS-analysearbeid, kommunestruktur, og felles folkehelsekoordinator.

I mange av prosjekta er alle fire kommunane med i samarbeidet. I nokre prosjekt er det to eller tre kommunar som samarbeider.

Innleiing

Askøy, Øygarden, Fjell og Sund har eit utvida og sterkt kultursamarbeid i Region Vest. Kultursjefane i kvar kommune (Gunnar Brynjulfsen i Askøy, Bernt Hjørnevik i Øygarden, Lennart Fjell i Fjell og Laila Klemetsaune i Sund) styrar dette samarbeidet. Leiarvervet går på omgang etter kva for ordførar som er leiar i regionrådet. I 2012 var det Sund kommune.

Biblioteka, kulturskulane, frivilligsentralane, kultur- og idrettskonsulentar har også utvikla eit tettare samarbeid gjennom IKKUS. I tillegg til fagmøte på tvers av kommunegrensene, vert alle inviterte til ei årleg fellessamling.

Fellessamling

I 2012 var fellessamlinga lagt til Kystmuseet i Øygarden kommune 20.september. Hovudtema for dagen var arbeidet med kultur – og idrettsplanarplanar i kommunane og fylkeskommunen. Fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti hadde eit godt innlegg og informerte om status for planarbeidet i fylkeskommunen før kommunane følgde opp med sine presentasjonar. Etterpå var det gruppearbeid omkring nye prioriterte fellessatsingar. Til slutt vart minneseglasen til Shetland vist i ord, toner og bilete.

Ta bølga

Minneseglasen til Shetland med Loyal gjekk av stabelen i tida 28.06. – 02.07.12. Loyal var fylt med ungdom, ordførarar og kultursjefar. Sjå eigen rapport om minneseglasen.

Andre fellesprosjekt

Biblioteka har hatt suksess med fagleg samarbeid, arbeidsmøte og erfaringsutveksling på sine månadlege møte. Dei har hattprosjektet «Sommarles» gjennomført på alle skulane i regionen og hatt felles forfattarturnear. Nytt og felles datasystem har forenkla alle rutinar, utlån og utveksling av bøker.

Kulturskulane har utvikla sitt samarbeid med felles planleggingsdagar for lærarane, fagteam, DKS og UKM.

Idretten har delt fagleg kompetanse og samarbeider tettare enn før. Idrettsråda i regionen har hatt felles møte.

Det har også vore arrangert «Sommaraktivitetar for ungdom» i regionen.

Møte

Kultursjefane har hatt 9 møte i 2012. Møta går på omgang mellom kommunane.

IKKUS har arbeidd med følgjande saker:

- Planlegging av prosjekt og fellessamlingar
- Evalueringar etter gjennomføring
- Kystkulturprosjekt med Loyal
- Arbeid med turstiprosjekt
- Arbeid med etablering av lokale turlag til Bergen turlag og DNT
- Utvikling av Camp Herdla og andre liknande tilbod i kommunane
- Samarbeid med ungdomsråda i Øygarden og Sund og ungdommens kommunestyre i Askøy og Fjell

- Folkehelse, - korleis kan kultur, idrett og friluftsliv bidra i folkehelsearbeidet
- Arbeid med å få ein bygningsvernkonsulent til regionen
- Utvikling av strilasekken
- Utarbeiding av IKKUS-logo
- Søknadsskriving og rapportering
- Kysteventyret og reiselivssatsing i regionen
- Vandring i Hordaland, sykkelkart og turkart
- Markeringar i Kystsogeveke og Kulturminnedagen
- Felles kulturkalender
- Transportutfordringar for ungdom
- Samhandling IKKUS/VNR
- IKKUS-post på budsjetta
- Kommunikasjonsstrategiar
- Drøftingar vedrørande stemmerettsjubileet og grunnlovsjubileet
- Planlegging av studietur til Brussel, kontakt med EU-kontoret i fylket
- Planlegging av vidare bruk av Loyal

Inviterte til møte i 2012

- Kulturskulerektor i Fjell Bjørn Andersen om kulturskuleutvikling og strilasekk
- Robin Dale Oen i The Dale Oen Experience om fysisk aktivitet for ungdom
- Per Aarsand i VNR om samarbeid Kultur/næring
- Line Steinsland og Bård Sandal om reiseliv
- Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd om bygningsvernkonsulent
- Audun Hausberg og Grethe Mong Hansen om prosjekt med Loyal

Deltaking på møte/konferansar

IKKUS ved Lennart og Laila var representert ved statsministerbesøket på Shetland 16.og 17.mai i samband med at Scalloway Museum vart offisielt opna. Planlegging av minneseglasen med samarbeidspartnarane i Scalloway den 18.mai.

IKKUS var representert ved Bernt og Laila på Coast Alive-konferansen i Bergen etter at delegasjonen besøkte oss på Fjell festning og Nordsjøfartsmuseet. På museet fortalde Laila om Perler i Nordsjøløypa i tekst og bilete. I Bergen presenterte Bernt arbeidet med Nordsjøløypa og Nordsjøåra, - som skilt og graderingsprosjektet, turprogram og folkehelsesatsing. Laila viste bilete og fortalde om minneseglasen til Shetland, som Coast Alive hadde støtta med kr 30.000.

IKKUS har god kontakt med Regionråd Vest og har også deltatt på Tinget i Vest.

Avslutning

Kultursjefane finn IKKUS-forumet verdifullt for å utvikla betre kulturtenester i kommunane. Alle har godt utbyte av samarbeidet. Responsen frå regionrådet, fylkeskommunen og den einssilde kommune er også god og støttande.

Skogsvåg 28.01.13

Laila Klemetsaune
leiar